

Norges vassdrags- og energidirektorat,
Sogndal 19/5-16
konsesjonsavdelingen, seksjon for småkraft.

KONSESJONSUTTALE OM ØVRE KVEMMA KRAFTVERK, LÆRDAL KOMMUNE, SGN OG FJORDANE

Underskrivne som representerer Naturvernforbundet i denne saka, har nokre meir prinsipielle synspunkt på bygging av småkraftverk i Lærdal. Etter vår meining har det såleis vore nok kraftutbygging i denne kommunen, og dei vassdraga som ikkje er utbygde, bør få renne fritt. Vi seier såleis nei til denne planen ut frå eit slikt overordna synspunkt på kraftutbygging. Det er elles vanskeleg å uttale seg om ei kraftutbygging som gjeld eit område ein ikkje har sett eller synfart før ein uttale må gjevast. Det beste hadde då sjølv sagt vore om NVE kunne arrangere synfaring i samband med desse sakene før høyningsfristen og ikkje etter. Etter synfaringa vil vi difor denne gongen kome med ein tilleggsuttale til saka.

KOMMENTAR TIL KRAFTVERKSPLANEN

Hovudplanen går ut på å overføre elva Volldøla til Kvemma ved ein utskoten tunell, men denne planen må avvisast ut frå omsynet til naturverdiane i Vollalen. Vert det kraftutbygging, må ein velje alternativet med utbygging berre i Kvemma. Dette er også ei vurdering som har støtte i Lærdal kommune sin "Kommunedelplan for små kraftverk", der Volldøla er plassert i den mest konfliktfylte kategorien av kraftverk, dvs. dei med "raud konfliktgrad". Det er såleis vanskeleg å forstå, slik det står i konsesjonsutgreiinga, at den nye planen med tunell vil vere så mykje betre enn den tidlegare for Volldøla. Ei kraftig redusert vassføring i Volldalen osv. vil likevel vere eit ein konsekvens som reduserer kraftig naturverdiane i Volldalen og det biologiske mang faldet der. Det er også viktig her å peike på at Volldalen vert ein god del nytta til friluftsliv av ymse slag både av fastbuande og tilreisande.

Eit kraftverk som berre har verknader for Øvre Kvemma og dalen her, er noko meir akseptabelt. Men også her er det naturverdiar som vil gå tapt eller verte reduserte ved kraftutbygging. Som tidlegare nemnt, er det likevel hovudsakleg prinsipielle grunnar som gjer at vi vil gå mot kraftutbygging her.

Med helsing Jon Farestveit for Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Adresse: Jon Farestveit Hovsmarki 4b, 6856 Sogndal. E-post:
Jon.Farestveit@gmail.com. Mobil:41659144